



Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45
5039 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1969 - 16/202

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

10.01.2016

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - grindverksbygg i Skageneset

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell godkjenning datert 6. januar 2016 for grindverksbygg i Skageneset. Ein skal nytta gamal mur i grindverksbygget, som skal innreist med benkar og ildstad.

Anlegget er førebels ikkje teke inn i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet, men dette vil bli gjort i samband med rullering av anleggsplanen.

Området tiltaket er planlagd i er friområde i kommuneplanen, og tiltaket er såleis i tråd med arealføremålet. Tiltaket ligg innafor 100-metersbeltet mot sjø og det må difor søkjast om dispensasjon frå byggeforbod i strandsone. Deler av tiltaket kan også vera søknadspliktig tiltak og eventuell søknadsplikt må vera avklart før arbeidet vert sett i gang.

På grunnlag av innsendt dokumentasjon, får anlegget idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Godkjenninga gjeld for to år. Det kan søkjast om forlenging. Dersom planane for anlegget vert endra, må nye oppdaterte planar sendast over for fornya idrettsfunksjonell godkjenning.

Eitt sett med planar følgjer i retur påført godkjenningsstempel.

Idrettsfunksjonell godkjenning må liggja føre før byggjearbeida vert sett i gang, og gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Godkjende planar - grindverksbygg

Mottakrar:

Bergen og Omland Friluftsråd

Hellebakken 45

5039

Bergen